

**Utval:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Møterom 425 Sunnhordland, Fylkeshuset  
**Dato:** 17.06.2015  
**Tidspunkt:** 11:00 – 15.00

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Torill Vebenstad	Leiar	A
Magne Ivar Fauskanger	Medlem	FRP
Lars Erik Dalland	Nestleiar	H
Randi Stang Volden	Medlem	H
Elisabeth Næverlid Sævik	Medlem	KRF

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

---

**Merknader**

---

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann, sak PS 42/15 – 44/15
Mona Haugland Hellesnes	Fylkesvaraordfører, sak PS 44/15
Gunnar Hoff	Forvaltningsrevisor Deloitte
Espen Hordvik	Rekneskapsrevisor Deloitte
Hogne Haktorson	Kontrollsjef, Sekretariat for kontrollutvalet
Roald Breistein	Seniorrådgjevar, Sekretariat for kontrollutvalet

Torill Vebenstad  
utvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

**Sakliste**

<b>Utvalls- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 40/15	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 41/15	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 42/15	Oppfølging av forvaltningsrevisjon innan samhandling på vegområdet - Fylkesrådmannen orienterer om status	2014/16411	
PS 43/15	Godkjenning av 2 prosjektrekneskapar	2014/10499	
PS 44/15	Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne valperioden	2014/10506	
PS 45/15	Rutinar for tilrettelegging av attestasjonar - Deloitte orienterer om status	2014/10498	
PS 46/15	Vedtaksoppfølging - Kustnarbustad i Spania - Forslag til prosjektplan	2015/5589	
PS 47/15	Forvaltningsrevisjon av NDLA - Status i arbeidet ved Deloitte	2015/2073	
PS 48/15	Forvaltningsrevisjon av "Rusførebyggande arbeid" - Status i arbeidet ved Deloitte	2014/24576	
PS 49/15	Forvaltningsrevisjon av "Drift og vedlikehald av fylkesvegar" - Status i arbeidet ved Deloitte	2014/24577	
PS 50/15	Selskapskontroll av Storeholmen VTA AS - Status i arbeidet ved Deloitte	2015/943	
PS 51/15	Rekneskapsresultat hittil i 2015 for kontrollutvalet	2014/10498	
PS 52/15	Gjennomgang av møteprotokollar	2014/10500	
PS 53/15	Referatsaker		
RS 43/15	Innstilling frå FUV - Godkjenning av årsrekneskapen 2014	2014/10498	
RS 44/15	Innstilling frå FUV - Finansrapport 1. tertial 2015	2014/10498	
RS 45/15	Innstilling frå FUV - Tertialrapport pr. april 2015	2014/10498	
RS 46/15	Handlingsplan - oppfølging etter selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS og Hardangerbrua AS	2014/14567	
RS 47/15	Oppfølging etter selskapskontroll av Hardangerbrua AS	2014/14570	
RS 48/15	Oppfølging etter selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS	2014/14567	
RS 49/15	Handlingsplan - tiltak for å følgje opp tilrådingar etter selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS	2014/14567	
RS 50/15	Status handlingsplan etter forvaltningsrevisjon sjukefråvær	2014/15006	
RS 51/15	Forvaltningsrevisjon innan " Prosjektstyring " – handlingsplan	2014/10536	
RS 52/15	Forvaltningsrevisjon HMT og internkontroll 2014	2015/5417	
RS 53/15	Skatt april 2015	2014/10507	
RS 54/15	Revisjonsuttale - Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune	2014/10498	
RS 55/15	Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2015 - pr mai	2014/1527	
RS 56/15	Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr mai 2015	2014/356	
RS 57/15	Partsbrev til kontrollutvalet vedk. vedtak - godkjenning av 5	2014/10499	

	prosjektrekneskapar	
RS 58/15	Skatt mai 2015	2014/10507
RS 59/15	Anbudskonkurranse på revisjonstenester – habilitetsvurdering	2014/10505
RS 60/15	Notat frå Thommessen dagsett 12.6.15 om habilitetsvurdering	2014/10505
PS 54/15	Eventuelt	

## **PS 40/15 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.06.2015**

#### **Vedtak**

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

## **PS 41/15 Godkjenning av møtebok frå forrige møte**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.06.2015**

#### **Vedtak**

Møtebok frå forrige møte vart samrøystes vedteke.

## **PS 42/15 Oppfølging av forvaltningsrevisjon innan samhandling på vegområdet - Fylkesrådmannen orienterer om status**

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.06.2015**

#### **Handsaming i møte**

Fylkesrådmann, Rune Haugsdal presenterte statusrapport i høve oppfølging av forvaltningsrevisjon innan samhandling på vegområdet og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Det vart også orientert om kvifor ikkje statusrapportar frå samferdselsavdelinga vert levert innan fastsette fristar.

Fylkesrådmannen beklaga at kontrollutvalet ikkje hadde fått tilbakemelding på denne forvaltningsrevisjonen og lova at dette ville komme innan kort tid. Det vart også orientert om at i praksis er det sett i verk ei rekke tiltak på området og arbeidet er no inne i slutfasen.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering og kontrollutvalet forventar tilbakemelding på forvaltningsrevisjonen seinast innan 10.8.15

## **PS 43/15 Godkjenning av 2 prosjektrekneskapar**

### **Forslag til uttale**

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapane gjev eit rettvisebilete av at prosjekta er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.
2. Utvalet tar konklusjonen frå Deloitte til etterretning.
3. Fylkesrådmannen orienterte om rutinane innan prosjektrekneskapar i Hordaland fylkeskommune og kontrollutvalet.....

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.06.2015**

#### **Handsaming i møte**

Fylkesrådmann, Rune Haugsdal orienterte om rutinane innan prosjektrekneskaper i Hordaland fylkeskommune og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom m.a. fram at det vert arbeidd med rutinar på området og at arbeidet vert å gjera ferdig etter at ny eigedomsdirektør har begynt 1.8.15.

Etter dette vart slik uttale samrøystes vedteke.

#### **Uttale**

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapane gjev eit rettvisebilete av at prosjekta er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.
2. Utvalet tar konklusjonen frå Deloitte til etterretning.
3. Utvalet merka seg fylkesrådmannen si orienterte om arbeidet med å betre rutinane innan avslutning av prosjektrekneskapar i Hordaland fylkeskommune og at administrasjonen tek sikte på å gjera ferdig dette arbeidet etter at ny eigedomsdirektør har starta opp.

## **PS 44/15 Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne valperioden**

### **Forslag til vedtak**

Resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i valperioden 2011 – 2015 vert å leggje fram for kontrollutvalet i valperioden 2015 – 2019.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.06.2015**

#### **Handsaming i møte**

Kontrollutvalet gjennomførte ei evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i valperioden 2011 – 2015. Her deltok og fylkesvaraordførar Mona Haugland Hellesnes, fylkesrådmann Rune Haugsdal, Gunnar Hoff frå Deloitte, Espen Hordvik frå Deloitte og sekretariatet.

Resultatet av arbeidet vart notert inn i «Skjema for evaluering av arbeidet i kontrollutvalet» som låg som vedlegg til denne saka. Det vert også lagt opp til at evalueringa skal presenterast for dei andre fylkeskommunale kontrollutvala på Vestlandet i felles evalueringssamling i Flåm 22. – 23.6.15. På bakgrunn av det som kjem fram under samlinga i Flåm vert endeleg evaluering å kome attende til i neste møte.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Resultat av denne evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i valperioden 2011 – 2015 vert å leggje fram for kontrollutvalet i valperioden 2015 – 2019.
2. Endeleg evaluering etter samlinga i Flåm, vert å komme attende til i neste møte.

## **PS 45/15 Rutinar for tilrettelegging av attestasjonar - Deloitte orienterer om status**

### **Forslag til vedtak**

Deloitte skal, slik administrasjonen også er bede om, vera ferdig med arbeidet med rutinar for tilrettelegging av attestasjonar, slik at det kan presenterast i møte i kontrollutvalet 21.9.15.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.06.2015**

#### **Handsaming i møte**

Rekneskapsrevisor Espen Hordvik frå Deloitte orienterte om status i høve rutinar for tilrettelegging av attestasjonar og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ønskjer å presisere i vedtaket at arbeidet som Deloitte gjer vidare i denne saka må skje i samarbeid med administrasjonen.

Etter dette er slikt vedtak samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Deloitte skal vera ferdig med sin del av arbeidet med rutinar for tilrettelegging av attestasjonar, slik at det kan presenterast i møte i kontrollutvalet 21.9.15.
2. Dette arbeidet må skje i samarbeid med administrasjonen.

## **PS 46/15 Vedtaksoppfølging - Kustnarbustad i Spania - Forslag til prosjektplan**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet bestiller vedtaksoppfølging av kunstnarbustad i Spania, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 24.06.2015.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, inkludert presentasjon av rapporten i møte i kontrollutvalet.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i fylkestinget.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan ..... 2015, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.06.2015**

#### **Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor Gunnar Hoff frå Deloitte presenterte forslag til prosjektplan for vedtaksoppfølging kunstnarbustad i Spania og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det er ei målsetting at revisjonsrapport skal vera ferdig innan 19.10.2015. Prosjektplanen vart godkjent med dette tillegget. Punkt 2 i forslag til vedtak går difor ut.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet bestiller vedtaksoppfølging av kunstnarbustad i Spania, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, inkludert presentasjon av rapporten i møte i kontrollutvalet.
3. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i fylkestinget.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 19.10.2015, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

## **PS 47/15 Forvaltningsrevisjon av NDLA - Status i arbeidet ved Deloitte**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber om at revisjonsrapport for forvaltningsrevisjon av NDLA er klar frå Deloitte si side innan .....2015, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og styret i NDLA sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.
2. Kontrollutvalet godkjenner ein auke på 55 timar slik at den totale ramma etter dette vil verta 255 timar for dette prosjektet.
3. Informasjonen vert elles teken til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.06.2015**

#### **Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor Gunnar Hoff frå Deloitte presenterte status i høve arbeidet med forvaltningsrevisjon av NDLA og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ber om at revisjonsrapport skal vera klar for handsaming i kontrollutvalet i møte 21.9.15 og vert å levere sekretariatet innan 7.9.15.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet ber om at revisjonsrapport for forvaltningsrevisjon av NDLA er klar frå Deloitte si side innan 7.9.2015, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og styret i NDLA sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.
2. Kontrollutvalet godkjenner ein auke på 55 timar slik at den totale ramma etter dette vil verta 255 timar for dette prosjektet.
3. Informasjonen vert elles teken til orientering.

## **PS 48/15 Forvaltningsrevisjon av "Rusførebyggande arbeid" - Status i arbeidet ved Deloitte**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber om at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan .....2015, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.
2. Informasjonen vert elles teken til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.06.2015**

#### **Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor Gunnar Hoff frå Deloitte presenterte status i høve arbeidet med forvaltningsrevisjon innan rusførebyggande arbeid og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ber om at revisjonsrapport skal vera klar for handsaming i kontrollutvalet i møte 9.11.15 og vert å levere sekretariatet innan 19.10.15. Det vert også bede om å få ei grundig statusrapportering i møte i kontrollutvalet 21.9.15.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet ber om at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 19.10.2015, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.
2. Kontrollutvalet ber også om å få ei grundig statusrapportering i samband med møte 21.9.2015.
3. Informasjonen vert elles teken til orientering.

## **PS 49/15 Forvaltningsrevisjon av "Drift og vedlikehold av fylkesvegar" - Status i arbeidet ved Deloitte**

### **Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.06.2015**

#### **Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor Gunnar Hoff frå Deloitte presenterte status i høve arbeidet med forvaltningsrevisjon innan drift og vedlikehold av fylkesvegar og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

## **PS 50/15 Selskapskontroll av Storeholmen VTA AS - Status i arbeidet ved Deloitte**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber om at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan .....2015, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og Storeholmen VTA AS sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.
2. Informasjonen vert elles teken til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.06.2015**

#### **Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor Gunnar Hoff frå Deloitte presenterte status i høve arbeidet med selskapskontroll av Storeholmen VTA AS og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har merka seg at Storeholmen VTA AS enno ikkje har send den dokumentasjonen som Deloitte har bede om i høve denne selskapskontrollen. Første gong Deloitte ba om dokumentasjon frå selskapet var i februar 2015. Kontrollutvalet ber på bakgrunn av dette om at styreleiar i Storeholmen VTA AS, Marie Fraas Aksnes, kjem i møte 24.8.15 for å gjera greie for kvifor ikkje informasjonen er send til Deloitte slik det er bede om.

Frist for levering av revisjonsrapport vert å komme tilbake til i neste møte.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet ber om at styreleiar i Storeholmen VTA AS, Marie Fraas Aksnes, kjem i møte 24.8.15 for å gjera greie for kvifor ikkje informasjonen Deloitte har bede om i samband med selskapskontrollen er motteke enno.
2. Frist for levering av revisjonsrapport vert å komme tilbake til i neste møte
3. Informasjonen vert elles teken til orientering.

## **PS 51/15 Rekneskapsresultat hittil i 2015 for kontrollutvalet**

### **Forslag til vedtak**

Rekneskapsresultatet hittil i 2015 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teke til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.06.2015**

### **Handsaming i møte**

Kontrollsjef Hogne Haktorson presenterte rekneskapsresultata hittil i 2015 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Rekneskapsresultatet hittil i 2015 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teke til orientering.

## **PS 52/15 Gjennomgang av møteprotokollar**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar møtebøkene til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.06.2015**

### **Handsaming i møte**

Følgjande møteprotokollar vart gjennomgått i dette møtet:

- Fylkestinget 09. – 10.06.2015
- Fylkesutvalet 19.05.2015
- Kultur- og ressursutvalet 13.05. og 02.06.2015
- Opplærings- og helseutvalet 12.05. og 02.06.2015
- Samferdselsutvalet 12.05 og 03.06.2015

### Fylkestinget 9.6.2015:

Kontrollutvalet har merka seg at vedtaket i desse sakene i fylkestinget 9.6.15 ikkje er i samsvar med det som går fram av røystinga:

1. PS 34/15 Politisk organisering i Hordaland fylkeskommune - Val av nytt kontrollutval hausten 2015
2. PS 43/15 Årsmelding 2014 Hordaland fylkeskommune

### Kultur og ressursutvalet 2.6.2015:

Kontrollutvalet viser til møte i kultur og ressursutvalet 2.6.2015, sak PS 112/15 Driftsstønad til fylkesfemnande barne- og ungdomsorganisasjonar 2015. Utvalet ber om at det skriftleg vert gjort greie for om det er, mororganisasjonane eller ungdomsorganisasjonane sine vedtekter, som er lagt til grunn ved vurderinga av tildelingar. Tilbakemelding vert å sende sekretariatet innan 10.8.15.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet har merka seg at vedtaket i desse sakene i fylkestinget 9.6.15 ikkje er i samsvar med det som går fram av røystinga:
  - PS 34/15 Politisk organisering i Hordaland fylkeskommune - Val av nytt kontrollutval hausten 2015
  - PS 43/15 Årsmelding 2014 Hordaland fylkeskommune
2. Kontrollutvalet viser til møte i kultur og ressursutvalet 2.6.2015, sak PS 112/15 Driftsstønad til fylkesfemnande barne- og ungdomsorganisasjonar 2015. Utvalet ber om at det skriftleg vert gjort greie for om det er, mororganisasjonane eller ungdomsorganisasjonane sine vedtekter, som er lagt til grunn ved vurderinga av tildelingar. Tilbakemelding vert å sende sekretariatet innan 10.8.15.
3. Møtebøkene vart elles tekne til orientering.

## **PS 53/15 Referatsaker**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.06.2015**

#### **Handsaming i møte**

#### **RS 46/15 Handlingsplan - oppfølging etter selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS og Hardangerbrua AS**

##### **Vedtak**

Kontrollutvalet ser positivt på at ein i eigarskapsmeldinga har vedteke at styrerepresentantar og folkevalde etter neste val skal få tilbod om tilstrekkeleg opplæring, i samsvar med KS sine tilrådingar. Vidare registrerer ein at fylkesrådmannen har gjort Fastlandssamband Halsnøy AS og Hardangerbrua AS merksam på andre krav som også går fram av KS sine tilrådingar, jf. RS 47/15 og 48/15. På bakgrunn av at det er val hausten 2015, ber kontrollutvalet om ny status i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.12.2015.

#### **RS 47/15 Oppfølging etter selskapskontroll av Hardangerbrua AS**

##### **Vedtak**

Kontrollutvalet registrerer at Hardangerbrua AS ikkje har meldt tilbake innan fristen 1.6.15 kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, jf. partsbrev dagsett 18.3.15. Utvalet ber om at slik tilbakemelding vert sendt sekretariatet seinast innan 10.8.2015.

#### **RS 49/15 Handlingsplan - tiltak for å følgje opp tilrådingar etter selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS**

##### **Vedtak**

Kontrollutvalet ser positivt på at Fastlandssamband Halsnøy AS har sett i verk nokre av tiltaka som går fram av vedtaket i fylkestinget. På bakgrunn av at det er planlagt at fleire av tiltaka skal setjast i verk i samband med valet hausten 2015 ber kontrollutvalet om ny status i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.12.2015.

#### **RS 50/15 Status handlingsplan etter forvaltningsrevisjon sjukefråvær**

##### **Vedtak**

Kontrollutvalet registrerer at fylkesrådmannen no har sett i verk tiltak på dei fleste av punkta i vedtaket frå fylkestinget, men at punkt 3, 4, 7 og 8 framleis ikkje er ferdig gjennomført. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om ny status i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.12.2015.

#### **RS 51/15 Forvaltningsrevisjon innan " Prosjektstyring " – handlingsplan**

##### **Vedtak**

Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon innan prosjektstyring i Hordaland fylkeskommune. På bakgrunn av at det framleis gjenstår mykje arbeid før det er sett i verk naudsynte tiltak ber kontrollutvalet om ny status i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.12.2015.

#### **RS 52/15 Forvaltningsrevisjon HMT og internkontroll 2014**

##### **Vedtak**

Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon innan HMT og internkontroll i Hordaland fylkeskommune. På bakgrunn av at det framleis gjenstår mykje arbeid

før det er sett i verk naudsynte tiltak, ber kontrollutvalet om ny status i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.12.2015.

**Referatsakene RS 59/15 Anbudskonkurranse på revisjonstenester – habilitetsvurdering og RS 60/15 Notat frå Thommessen dagsett 12.6.15 om habilitetsvurdering vart delt ut i møtet.**

**Vedtak**

Referatsakene vart elles tekne til orientering.

**PS 54/15 Eventuelt**

**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.06.2015**

**Handsaming i møte**

Møte sammen med kontrollutvala i dei andre fylkeskommunane på Vestlandet:

Sekretariatet delte ut endeleg program og deltakarliste for samlinga med dei andre kontrollutvala i fylkeskommunane på Vestlandet, som skal haldast i Flåm 22. – 23.6.15.

Planlegging av møtet i kontrollutvalet i august 2015:

Sekretariatet la fram endeleg program for to-dagars møtet som skal haldast i Bergen og Os 24. – 25.8.15.

Det kom elles ikkje noko fram under dette punktet.